


Driftsavtale for Øygarden brann og redning KF



(Vedteke av Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune 17.06.2019)

Innhald

1.0 Delegering av mynde	3
1.1 Namn	3
1.2 Mynde til styret	3
1.3 Mynde til brann- og redningssjefen	3
2.0 Oppgåver og plikter – Øygarden brann og redning KF	3
2.1 Oppgåver	3
2.2 Pliktar	3
3.0 Tenesteproduksjon	3
3.1 Verksemdsplan	3
3.2 Virketid for verksemdsplanen	4
3.3. Endring i tenesteproduksjon.....	4
3.4. Involvering i Øygarden kommune sitt risiko- og sårbarhetsarbeid	4
4.0 Leing og personaltilhøve	4
4.1 Generelle tilsettingstilhøve	4
4.2 Organisasjonsplan.....	4
4.3 Tilhøve for tilsette	4
5.0 Kommunale drift- og støttetjenester	5
6.0 Økonomiske rammer	5
6.1 Kapitalinnsats	5
6.1.1 Bygningar	5
6.1.2 Køyrety, båtar og liknande.	5
6.1.3 Inventar og utstyr	5
6.1.4 Fond	5
6.1.5 Investeringsplan.....	6
6.1.6 Delegering, investeringsbudsjett.....	6
6.2 Driftsmidlar	6
6.2.1 Årsbudsjett og avsetningar.....	6
6.2.2 Driftsramme.....	7
6.2.3 Økonomisk og forretningsmessig handlefridom	7
7.0 Andre avtaletilhøve	7
7.1 Nyval av styre – oppløysing	7
7.2 Tolking av reglar	8
Vedlegg A Bygningar	8
Vedlegg B Bilar, båtar og liknande.....	8
Vedlegg A Bygningar.....	9
Vedlegg B Bilar, båtar og liknande.....	10

1.0 Delegering av mynde

1.1 Namn

Selskapet sitt namn er Øygarden brann og redning KF, forkorta til ØBR i dette dokumentet. Jf. Lov av 21. juni 1985 nr. 79 om einerett til firma og andre forretningskjenneteikn (firmaloven). ØBR vert etablert per 01.01.2020.

1.2 Mynde til styret

Frå 01.01.2020 delegerer kommunestyret si mynde etter Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlige stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter, til styret. Styret tek over ansvaret for verksemda og får same dato samstundes alle dei formelle fullmakter som følgjer av vedtektene til føretaket, kommunelov og driftsavtale.

1.3 Mynde til brann- og redningssjefen

Brann- og redningssjef er vidaredelegert mynde etter brann- og eksplosjonsvernloven (jf. pkt. 1.2)

2.0 Oppgåver og plikter – Øygarden brann og redning KF

2.1 Oppgåver

ØBR sitt primære føremål er å ta i vare eigar sitt behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i brann- og eksplosjonsvernloven med tilhøyrande forskrifter. Sekundært kan ØBR yte desse og liknande tenester mot vederlag til andre kommunar og verksemder. ØBR kan også tilleggjast andre arbeidsoppgåver, så langt dette ikkje svekkjer gjennomføringa av primæroppgåver.

2.2 Pliktar

ØBR har ansvar for at føretaket til ei kvar tid, har ein organisering som er tilpassa risiko i kommunen. Føretaket må følgjeleg vera bemanna med tilstrekkeleg personell og inneha relevant utstyr og materiell i høve til vedteken branndokumentasjon. Dei tilsette skal ha kvalifikasjonar i høve til minimumskrav krav i dimensjoneringsforskrifta og aktuell risiko- og sårbarhetsanalyse for kommunen. Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse i forhold til dei oppgåver føretaket har ansvaret for.

3.0 Tenesteproduksjon

3.1 Verksemdsplan

ØBR skal utarbeide ein verksemdsplan. Planen skal fungere som ein overordna driftsplan for føretaket, og vert eit praktisk og strategisk styringsdokument med kort til mellomlang tidshorisont. Verksemdsplanen skal gje eit oversyn over oppgåver, og krav til måloppnåing, som er knytt til brann- og redningstenesta.

3.2 Virketid for verksemdsplanen

Verksemdsplanen skal innehalde element med virketid frå eitt -1 til fire - 4. år Styret kan gjere mindre justering og endringar av verksemdsplanen. Større endringar skal leggast fram for kommunestyret. Styret skal i samråd med rådmannen avgjere kva for endringar, som må leggast fram for kommunestyret.

3.3. Endring i tenesteproduksjon

Dersom det vert vesentlege endringar i tenesteproduksjonen, som kan gje endra personellbehov eller organisatoriske endringar, skal det førast forhandlingar om budsjettmessig kompensasjon, om ein av partane krev dette.

3.4. Involvering i Øygarden kommune sitt risiko- og sårbarhetsarbeid

Samfunnssikkerheit og beredskap er eit viktig samfunnsansvar for kommunen. I sin rolle som den største redningsetaten, er føretaket ein viktig del av kommunen si krisehandtering. Det er viktig med eit tett samarbeid mellom føretaket og kommunen si beredskapsleiing. ØBR har fagmiljø med kompetanse og erfaring innan arbeid med risiko- og sårbarhet. I samsvar med prinsippet om samvirke, og som ein del av kommunen si tenesteyting, skal føretaket vere bidragsytar i kommunen sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap.

Brann- og redningssjefen vil peike ut ein representant i ØBR, som i sitt arbeidsområde, skal vere ein ressursperson/kontaktpunkt i beredskapsarbeidet.

4.0 Leiing og personaltilhøve

4.1 Generelle tilsettingstilhøve

Tilsette i føretaket er tilsett i Øygarden kommune, og skal ha tilsettingsvilkår, pensjonsordning, sjukeløn, rett til permisjonar m.m. som dei tilsette i kommunen elles. Tilsett i føretaket skal ha personleg driftsavtale som regulerer generelle og spesielle vilkår for den tilsette.

4.2 Organisasjonsplan

Brann- og redningssjefen legg fram forslag til organisasjonsplan. Styret vedtek organisasjonsplan for føretaket. Dei tilsette skal organiserast og engasjerast slik dagleg leiar/brann- og redningssjefen finn det formålstenleg, men innanfor det som kjem under pkt. 2.2.

4.3 Tilhøve for tilsette

Ved etablering av føretaket opprettheld dei tilsette sine tilsettingsforhold, og stillingsplassering. (jf. pkt. 4.2)

5.0 Kommunale drift- og støttetjenester

ØBR skal nytta tilgjengelege kommunale drifts- og støttetjenester, herunder økonomi, IKT, innkjøp m.m.

6.0 Økonomiske rammer

6.1 Kapitalinnsats

Utstyr, inventar, materiell, kjøretøy, båtar som brann- og redningstenesta disponerar på etableringstidspunktet, vert overført vederlagsfritt til føretaket.

6.1.1 Bygningar

Bruken av bygningar og areal som Øygarden brann og redning IKS disponerte ved etableringa av føretaket, vert ført vidare.

Kommunen er ansvarleg for å stille høvelege lokalar/areal i tilknytning til lokalar (t.d. når det gjeld arbeidsmiljø og utforming) for drifta, til disposisjon for føretaket. Dette kan vere både kommunalt og/eller privateigde lokalar. Sjå elles vedlegg A

6.1.2 Kjøyretøy, båtar og liknande.

Føretaket skal disponere tenlege kjøyretøy, båtar, tilhengjarar og liknande. Utsifting og alder for bilar og båtar, skal vere i samsvar med vedteken brandokumentasjon. Vedlikehald, utsifting, komplettering skal vere i høve til føretaket sine eigne behovsvurderingar, brandokumentasjon og innanfor aktuelt budsjett. Særskilde behov vert å melde inn for styret. Sjå elles pkt. 6.1.6, og vedlegg B.

6.1.3 Inventar og utstyr

Inventar og utstyr som Øygarden brann og redning IKS rår over i dag, skal i sin heilskap vidareførast med full råderett, i føretaket, frå etableringstidspunktet. Vedlikehald, utsifting og komplettering skal vere i høve til føretaket sine eigne behovsvurderingar, og innanfor aktuelt budsjett. Særskilde behov vert å melde inn for styret.

6.1.4 Fond

ØBR skal ha eit ubunde driftsfond. Fondet skal kunne nyttast til å dekkje ev. meirforbruk i driftsrekneskapen, til større ad hoc-utgifter og til generell styrking av driftsbudsjettet. Bruk av driftsfondet krev godkjenning av styret.

Selskapet skal også ha eit ubunde investeringsfond. Bruk av investeringsfondet krev godkjenning i styret.

Ved mindreforbruk i drifta, gjev kommunestyret styret fullmakt til å sette av til fond.

Fordeling mellom driftsfond vs. investeringsfond vert avgjort av styret. Kommunestyret gjev ei årleg ramme for avsetnad til fond. Dette kjem i tillegg til ramma for driftsbudsjettet. Styret har mynde til å fordele avsetnaden på høvesvis drifts- og/eller investeringsfond.

Dei midlar som Øygarden brann og redning IKS har på høvesvis driftsfond og investeringsfond etter rekneskap for 2019, vert overført til tilsvarende fond for Øygarden brann og redning KF frå etableringstidspunktet.

6.1.5 Investeringsplan

ØBR skal utarbeide ein investeringsplan med tilstrekkeleg detaljeringsgrad. Planen utformast som ein 5-årsplan, med årleg rotasjon.

Intensjonen med planen er m.a. å sikre føreseieleg utskifting av kostbart materiell (i hovudsak kjøretøy/båtar, jf. vedteken branndokumentasjon) trygge og eigna arbeidsreiskap for dei tilsette, og føreseielege driftskostnader

Planen vert å leggje fram for godkjenning i styret.

6.1.6 Delegering, investeringsbudsjett

Når selskapet skal foreta investeringar av ein slik storleik at det vert tale om opptak av lån, skal brann- og redningssjefen utarbeide eigen sak og framlegg til investeringsbudsjett for styret. Styret behandlar saka, og sender den vidare til avgjerd i kommunestyret.

Investeringar der ØBR ikkje treng ta opp lån, vert godkjent av styret etter sak frå brann- og redningssjefen.

Det vert elles vist til § 11 i vedtektene for føretaket (rådmannen si rolle/medverknad)

6.2 Driftsmidlar

6.2.1 Årsbudsjett og avsetningar

Styret utarbeider og tilrår budsjett for det komande år. Det er kommunestyret som fastset den samla driftsramma. I driftsramma skal det gå fram kva som skal vere den faste avsetnaden til fond, og kor mykje som er sett av til driftsbudsjett. Sjå elles pkt. 6.1.4, og § 11 i vedtektene for føretaket.

6.2.2 Driftsramme

- Den årlege budsjetttramma skal dekkje krav, leveransar, tenester og aktivitetar, som føretaket er forplikta til å levere iht vedtektene § 4, og verksemdsplanen. Budsjetttramma inkluderar også løn til ev. hjelpetenester som er nødvendige for å møte krava i verksemdsplanen.
- Budsjetttramma skal dekkje betaling for føretaket sin andel av felleskommunal drift, kommunale støttetjenester og ytingar for kommunal forretningsførsel.
- Dekning av konkrete ekstraordinære utgifter ved katastrofeprega- og omfattande brann- og ulukkestilfelle, vert handsama særskilt i samråd med kommunen
- Nye pålegg i lov og forskrift, ev. som eit resultat av ein risiko- og sårbarhetsanalyse, som fører til så store utgifter at føretaket ikkje kan dekkje desse krava innanfor ordinært budsjett eller fond, vert å ta særskilt opp med kommunen.

6.2.3 Økonomisk og forretningsmessig handlefridom

- Føretaket får tildelt ei samla driftsramme, der kommunestyret har skilt ut særskild avsetnad til fond. Det er styret som fordeler avsetnaden mellom dei to fonda.
- Det skal vere økonomisk rapportering til styret ved kvart møte.
- Føretaket dekkjer normalt driftsmessige justeringar og meirforbruk over driftsfond. Slik inndekking vert avgjort av styret. Unntak gjeld om årsaka til slikt meirforbruk openbart ikkje kan lastast føretaket. Jf. pkt. 6.2.2
- Mindreforbruk vert overført til fond. Det er styret som avgjerd fordeling av mindreforbruket i høve til drifts- vs. investeringsfonda til ØBR.
- Føretaket kan selje tenester. Det skal utarbeidast eige prisregulativ, som viser kva for tenester dette gjeld, og dei ulike satsane. Styret vedtek prisregulativet. Utøving av slike tenester, skal ikkje gå utover lovpålagde oppgåver.

7.0 Andre avtaletilhøve

7.1 Nyval av styre – oppløysing

Kommunestyret kan frita styret for sine verv, og foreta nytt val på styret (jf. Kommuneloven kap. 9. § 9-7) om:

- føretaket har opparbeida seg driftsmessig meirforbruk som må dekkast av kommunen ved ekstraløying jf. pkt. 6.2.4. Unntaket er ekstraordinære utgifter iht. pkt. 6.2.2
- føretaket sine oppgåver og formål, ut i frå kommunestyret si vurdering, ikkje vert ivareteke på ein tilfredsstillande måte.

Kommunestyret kan, kva tid som helst, utan grunngjeving, vedta oppløysing av føretaket, eller skilje ut delar av føretaket.

7.2 Tolking av reglar

Spørsmål som vedrører tolking av driftsavtalen, må takast skriftleg opp med formannskapet. Svaret skal vere skriftleg, etter at partane i eige møte har sett fram sitt syn. Føretaket kan anke saka inn for kommunestyret, som tek avgjerd saka.

Vedlegg A Bygningar

Vedlegg B Bilar, båtar og liknande

STRAUME 30/4-20
stad/dato


ordfører i Øygarden kommune



Vedlegg A Bygningar

Stasjon	Eigd/leigar	Tilstand	Merknad
Dalsneset, ved Kollsnes næringspark	Leigar	T3	Manglar garasje plass til ein bil. Manglar vaskehall. Manglar ved rein/skitten sone. Treng eige vaskerom. Treng til bygningsmessig oppgradering både utvendig og innvendig. Ikkje umogleg at nytt/anna bygg er ei betre løysing
Skogsskiftet, ved Skogsskiftet senter	Leigar	T3	Prosess starta med etablering av ny lokasjon. Prosessen vert handtert av Sund kommune.
Ågotnes, Tranesvegen 15	Leigar	T2(T3)	Bygget er i bra stand, men treng til noko utvendig vedlikehald. Ingen fullgod løysing på rein/skitten sone utfordringane

Tilstandstabell - bygg				
I tilstandstabellen er det kategorisert tilstanden på bygget, delt inn i 4 kategoriar, T1 -T 4.				
	Generell tilstand			
	Svært god	God	Mindre god	Må erstattast
	T1	T2	T3	T4
Beskrivelse av den generelle tilstanden på bygget	Dette betyr at tilstanden på bygget er så godt som nytt	Dette betyr at bygget ber preg av å vere brukt , men i tilfredstillande og operativ stand	Dette betyr at bygget er operativt, men treng oppgradering utover vanlig ettersyn og vedlikehold	Dette betyr at bygget er i slik stand at istandsetting ikkje er reknings-svarande.
Tiltak	Ingen	Ingen, utover vanlig og periodisk vedlikehald	Må utførast ekstra vedlikehold og kontroll for å sikre fullverdig operativ stand	Bygget må permanent takast ut av operativ teneste, og må erstattast.
Kostnader	Det nye føretaket driftar etter normale budsjett og prosedyrar	Det nye føretaket driftar etter normale budsjett og prosedyrar	Det nye føretaket driftar etter normale budsjett og prosedyrar, etter at utstyret er satt i stand	Om bygget er naudsynt for utføring av tenestene i det nye føretaket skal det søkjast avklaring for nye lokasjonar

Vedlegg B Bilar, båtar og liknande

Tilstandstabell bilar, båtar m.m.				
I tilstandstabellen er det kategorisert tilstanden på operativt materiell og utstyr i 4 kategoriar, T1 -T 4. Dei 4 kategoriane er brukt likt for dei tre inndelingane i type utstyr, Kjøretøy og båtar, Bekledning ol., samt utstyr,				
	T1	T2	T3	T4
Generell tilstand	Svært god	God	Mindre god	Må erstattast
Beskrivelse av den generelle tilstanden på utstyret	Dette betyr at tilstanden på utstyret er så godt som nytt	Dette betyr at utstyret ber preg av å vere brukt , men i tilfredstillande og operativ stand	Dette betyr at utstyret er operativt, men treng oppgradering utover vanlig ettersyn og vedlikehold	Dette betyr at utstyret er i slik stand at istandsetting ikkje er rekningssvarande.
Tiltak	Ingen	Ingen, utover vanlig og periodisk vedlikehald	Må utførast ekstra vedlikehold og kontroll for å sikre fullverdige operativ stand	Utstyret må permanent takast ut av operativ teneste, og må erstattast.
Kostnader	Det nye selskapet driftar etter normale budsjett og prosedyrar	Det nye selskapet driftar etter normale budsjett og prosedyrar	Det nye selskapet driftar etter normale budsjett og prosedyrar, etter at utstyret er satt i stand	Om utstyret er naudsynt for utføring av tjenetene det nye selskapet skal utføre må selskapet søkje avklaring for evt investeringar

Kjøretøy og båtar mm i ØBR per 31.12.2018

Intern kode	Reg. nr.	Type og bruk	Årsmodell	Stand	Stasjon	Est. nyverdi	Est. nåverdi
Ø.0.1	SV 92865	VW Tiguan (kommandobil)	2018	T1	Ågotnes stasjon	600 000	540 000
Ø.1.1	RA 41250	MB 1226 Mannskapsbil inkl utstyrspakke	2008	T2	Ågotnes stasjon	3 500 000	540 000
Ø.1.4	RA 38198	VOLVO FM12 Tankbil inkl utstyrspakke	2002	T2	Ågotnes stasjon	3 500 000	315 000
Ø.1.8	SV 45258	VW Caravelle (Rd-bil)	2012	T2	Ågotnes stasjon	700 000	135 000
Ø.2.1	RA 40956	MB 1226 Mannskapsbil inkl utstyrspakke	2008	T2	Skogskiftet stasjon	3 500 000	540 000
Ø.2.4	RA 8646	VOLVO FM12 Tankbil inkl utstyrspakke	2001	T2	Skogskiftet stasjon	3 500 000	225 000
Ø.3.1*	ZK 8732	Scania 113H-320 Mannskapsbil m/utstyrspakke	1995	T4	Dalsneset stasjon	3 500 000	-
Ø.3.4	RA 8119	VOLVO FM12 Tankbil m/utstyrspakke	2001	T2	Dalsneset stasjon	3 500 000	225 000
Ø.3.6	RA 46600	WV Transporter T6 4motion (fremskutt enhet)	2016	T1	Dalsneset stasjon	1 200 000	855 000
Ø.3.BÅT		Arronett 23,5 ST m/150 hk - CE_C	2016	T1	Ulvøy Depot	700 000	495 000
Ø.ADM.1	SV 92870	VW Passat (tilsyn/adm)	2018	T1	Ågotnes stasjon	500 000	450 000
Alfa	SV 66024	VW Caddy (feie/tilsynsbil)	2016	T2	Ågotnes stasjon	300 000	180 000
Bravo	SV 66025	VW Caddy (feie/tilsynsbil)	2016	T2	Ågotnes stasjon	300 000	180 000
Charlie	SV 66027	VW Caddy (feie/tilsynsbil)	2016	T2	Ågotnes stasjon	300 000	180 000
Delta	SV 66026	VW Caddy Tilsynsbil	2016	T2	Ågotnes stasjon	300 000	180 000
Echo	EV 36572	VW Golf, tilsynsbil	2018	T1	Ågotnes stasjon	350 000	315 000
Foxtrot	SV 94397	VW Caddy Maxi (stasjonsbil)	2018	T1	Ågotnes stasjon	350 000	315 000
Henger	TB 9125	Tysse skaphenger (depot/utstyr)	2011	T2	Ågotnes stasjon	20 000	9 000
Henger	TC 5842	Tysse tilhengervogn (slangar)	2012	T2	Ågotnes stasjon	15 000	9 000
Henger	SY 7967	Tysse tilhengervogn (øving)	2004	T2	Ågotnes stasjon	20 000	5 000
Henger	SX 3490	Tysse båthenger til Buster	2001	T2	Ågotnes stasjon	15 000	7 000
(Ø.1.BÅT)	-	Buster M m/25 hk	2001	T2	Ågotnes stasjon	60 000	23 000
-	-	Zodiak gummibåt m/4 hk	2001	T2	Skogskiftet stasjon	20 000	9 000
Sum						26 750 000	5 732 000

* bilen er teken ut av drift, grunna "ikkje-rekningssvarande" feil på bremsar, og er per 01.03.2019 avhenda.

Utstyrspakke tankbiler** (2)

Utstyrspakke mannskapsbiler* (2)

Sum 2

120 000

200 000

320 000

12 000

20 000

32 000

Utstyrs pakker mannskaps- og tankbil						
Utstyr	Mannskapsbil	Tankbil	Pris pr stk	Σ i mannskapsbil	Σ i tankbil	
2 1/2 " slanger	12	10	3 000	36 000	30 000	
1 1/2" slanger	8	8	2 500	20 000	20 000	
Grenrøyr	6	4	4 000	24 000	16 000	
Strålerøyr	8	6	6 000	48 000	36 000	
Tauverk div.	2	2	1 500	3 000	3 000	
Motorsag m utstyr	2	0	6 000	12 000	-	
Hansker, briller o.l. verneutstyr	30	10	1 500	45 000	15 000	
Div verktøy (sag, slegge, o.l.)	2	0	6 000	12 000	-	
Sum				200 000	120 000	
BILAR OG BÅTAR - ØBR per 31.12.2018						
SUM T (1-2)				Kjøpsverdi		27 070 000
				Est. Nåverdi		5 764 000